Førsteblad



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Leikanger

Emne: Bordskikk til kvardag

Bygdelag:

Oppskr. av: Olav P. Hatleli

Gard: Hatleli

(adresse): Fresvik.

G.nr. 47 og 48 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er ~~etter eiga røynsle~~.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Alle sat ved same bordet samla til alle måltider. Kvar hadde sin faste plass.
2. Ja.
3. Alle er i lag, ingen skilnad på husbond og tenarar.
4. ——— " ———
5. Husfyden et på kjökenet til dagleg.

7. Ja, ogso no brukar ein gjerne kvar sin faste plass ved bordet.
8. Nei
9. Högsete er ikkje vanleg brüka no.

11. Dei brüka å vaska hendene når dei hadde sovore arbeid som dei tykte gjorde det naudsynt. Mannfolki hadde aldri hüa på ved bordet.
12. Ja, alle åt graut av same fatet. Det kunde vel vera ved hundradarskiftet at denne skikken vart slutt. Sams mjölke-skål hadde dei og. Den var av steinty. Kring hundradårsskiftet tok dei til å brüka kvar sin mjölkekopp (skål). Ja, ein grautbete i skeii vart duppa i mjölkeskåli. No drikk ein helst direkte av koppen. Kvar sin drikkekopp kom fyrr kaffidrikkingi var vanleg.

N. J. VANGSNES
FRESVIK - SOGN

7194

13. Nei, varme retter vart servert i skål eller fat. Til framande serverar ein gjerne av det beste ein har.

14. Småsild (brisling) vart ofte brūka som pålegg på smörbröd (flatbröd). Det vart kalla „sildakling."

15. Ei tid var det skikk å taka sukkerbiten i munnen attåt kaffien, men no er det helst slutt.

16. Denne skikken er for det meste slutt.

17. For 30-40 år sidan tok dei til å brūka gaffel til dagleg. Eldre folk hugsar godt at dei åt ūtan gaffel.

18. Nei, vanlege bordknivar vart brūka.

19. Kvar hadde si skei av horn eller tre. Dei kunde stundom vera merkte. Dei vart göymde i bordskuffa. Skeiene vart alltid vaska etter kvart måltid.

20. For ca. 50 år sidan tok dei til å brūka tallerkar. Fyrr var det treskåler eller steintygkumar. – Ja.

21. Nei. No brūkar ein ofte voksdūk på bordet. Den ligg på ogso millom måltidene.

22. Ymist. Voksdūk er kanskje mest vanleg.

23. Alle i hūslyden fekk forsyna seg som dei vilde. Legdefolk vart „etla."

25. Dei rekna gjerne at kvinnone trengde minder mat.

27. I gamle dagar var det vanleg at dei togg maten til småborn.

N. J. VANGSNES
FRESVIK - SOGN

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

28. Husfaren las högt fyre og etter maten. Den stundi var det knysk stille i romet. Skikken var vanleg anten det var born i huset eller ikkje eller um det kom framande. Kring hundradårskiftet kom det meir or bruk.
29. Ja, det vart tala fritt.
30. Det var ingen som lo ved bordet.

32. Ja.
33. Nei, ein takka ikkje for maten heime
34. „Signe maten."
35. Dersom det høvde slik at dei hadde mat som dei kunde byda på, vart oftadan framande beden til bords.

36. Ja, dersom det er ein slektning, ven eller kjenning som ein ikkje ser so ofte i huset, vert det stelt til mat - elles ikkje.
37. Det beste huset har vert framsett til ein framand gjest.
38. Nei.
39. Ymist. Stundom kann husbonden eta i lag med. Det kann vera på kjøkenet eller i stova.

40. Nei ikkje no. Fyrr var det meir vanleg at gjestene var so „beskedne" at dei måtte nøydast til å forsyna seg.

N. J. VANGSNES
FRESVIK - SOGN